



Etnedal kommune

Plan og teknisk

Atle Os
Homans Vei 1e
1365 BLOMMENHOLM

Administrativt vedtak

Deres ref.:	Vår ref.:	Arkivsak:	ArkivID:	Vår dato:
	SAGKAR - 26/4162	26/761	GBNR- 32/123, K2- M55	18.08.2026

Saksnr.	Utvalg
140/26	Kommunestyret

Vedtak om utsleppsløyve - gnr 32 bnr 123 - Rotvøllstølvegen 353

Tiltak:	Avløpsanlegg	
Byggested:	Gbnr: 32/123	Avløpsanlegg
Tiltakshaver:	Atle Os	
Ansvarlig søker:	Gullord Geoservice	

Vedtak

Etnedal kommune gjev løyve til etablering av kjemisk/biologisk minirensanlegg med UV-desinfeksjon og etterpolering i stadeigne massar for fritidsbustaden på gnr. 32 bnr. 123.

Løyvet gjeld utslepp av sanitært avløpsvatn frå éi fritidsbustad, inntil 5 personekvivalentar (pe) og ei dimensjonerande vassmengd på inntil 1000 liter per døgn.

Utsleppsløyvet gjeld frå vedtaksdato og er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 12-5 og *Forskrift om utslipp av avløpsvann fra avløpsanlegg som ikke overstiger 50 pe, Etnedal kommune.*

Vilkår for løyvet

- Avløpsanlegget skal etablerast i samsvar med søknaden og gjeldande forskrift.
- Løyvet gjeld berre for utslepp frå éin fritidsbustad med ei belastning på inntil 5 pe og for løysinga som er vist i godkjent situasjonskart og prosjektering.
- Dersom belastninga seinare blir auka, eller anleggstype, plassering eller utsleppspunkt blir endra, fell dette løyvet bort. Det må då sendast inn ny søknad om utsleppsløyve, og det må prosjekterast og etablerast eit avløpsanlegg som tilfredsstiller krava i gjeldande forskrift.
- Anleggseigar er ansvarleg for eventuell forureining frå anlegget.

Besøksadresse:
Kyrkjevegen 10

Postadresse:
2890 Etnedal

Telefon:
61 12 13 00

Organisasjonsnummer:
933 038 173

E-mail: postmottak@etnedal.kommune.no
www.etnedal.kommune.no

- Minirenseanlegget skal ha skriftleg service- og driftsavtale. Anlegget skal registrerast i Valdres Kommunale Renovasjon sitt tømme-system og tømmast i samsvar med gjeldande tømmeordning.
- Avløpsledningen over gnr. 32 bnr. 18 skal vere tett, og rensa avløpsvatn skal før etterpolering førast gjennom UV-anlegg med driftsindikator og alarm.
- Drikkevassbrønnen på gnr. 32 bnr. 18 skal ikkje forureinast eller få redusert vasskvalitet som følgje av anlegget. Det skal takast ei nullprøve før anlegget blir sett i drift og ei ny prøve i den første ordinære brukssesongen.
- Tilkomst for tømming skal tilfredsstille krava til køyreveg, avstand og høgdeskilnad.
- Fabrikat og modell for minirenseanlegget skal dokumenterast og godkjennast av kommunen før arbeidet blir sett i gang. Ferdigmelding med dokumentasjon på serviceavtale, tett leidning, fungerande UV-anlegg og gjennomført nullprøve skal sendast inn før anlegget blir teke i bruk.
- Kommunen kan krevje tilkopling til offentleg vatn- og avløpsanlegg dersom dette blir etablert i området.
- Løyvet fell bort dersom arbeidet ikkje er sett i gang innan tre år eller blir stansa i meir enn to år.

Som ansvarleg søker er Gullord Geoservice, org.nr. 915 934 382, ansvarleg for samordning av dei ulike oppgåvene knytt til tiltaket og skal sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar.

Saksopplysninger

Lovgrunnlaget:

Vedtaket er gjort med heimel i forureiningsforskrifta § 12-5, lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg i Etnedal kommune og plan- og bygningslova.

Informasjon om saken:

Det er søkt om etablering av avløpsanlegg for eksisterande fritidsbustad på gnr. 32 bnr. 123. Søknaden gjeld éi eining og inntil 5 pe. Planlagt løysing er kjemisk/biologisk minirenseanlegg, slamavskiljar, UV-desinfeksjon, støtbelastning og etterpolering i stadeigne massar på gnr. 35 bnr. 8.

Gullord Geoservice, org.nr. 915 934 382, har erklært ansvar for SØK og PRO. VVS-Service AS, org.nr. 942 646 178, har erklært ansvar for UTF.

Tiltaket vart nabovarsla med ei opphavleg infiltrasjonsgrøft på gnr. 32 bnr. 123. Eigarane av gnr. 32 bnr. 18 sende merknad fordi dei har ein drikkevassbrønn om lag 65 meter nedanfor den varsla grøfta. Etter merknaden vart anlegget endra. Etterpoleringsgrøfta vart flytta til gnr. 35 bnr. 8, og det vart lagt inn minirenseanlegg og UV-desinfeksjon før infiltrasjon.

Eigarane av gnr. 32 bnr. 18 har signert erklæring om rett til avløpsledning på eigedommen, medan eigar av gnr. 35 bnr. 8 har signert erklæring om rett til spreiegrøft.

Grunngjeving

Det er søkt om utsleppsløyve for etablering av avløpsanlegg til eksisterande fritidsbustad. Løyvet er vurdert med heimel i forureiningsforskrifta kapittel 12, lokal forskrift om mindre avløpsanlegg, naturmangfaldlova §§ 8–12, vassforskrifta § 12, kulturminnelova § 3 og plan- og bygningslova kapittel 27 og 30.

Arealbruk og lokalisering

Eigedomen ligg i LNFR-område med eksisterande fritidsbustad. Tiltaket omfattar etablering av avløpsanlegg til eksisterande bebyggelse og medfører ikkje endra arealbruk utover dei tekniske installasjonane som er nødvendige for avløpsløyvinga. Etterpoleringsgrøfta skal plasserast på gnr. 35 bnr. 8.

DOK-analysen viser ikkje konflikt med registrerte naturtypar, prioriterte artar eller naturvernområde. Området er registrert som viktig friluftslivsområde, men kommunen vurderer at etablering av avløpsanlegg til eksisterande fritidsbustad ikkje vil medføre vesentleg negativ påverknad på friluftinteressene.

DOK-analysen viser dyrkbar jord og jordbruksareal i området. Tiltaket er avgrensa til leidningstrase og ei etterpoleringsgrøft på 10 m². Kommunen vurderer derfor at tiltaket ikkje vil medføre vesentleg nedbygging eller driftsmessig ulempe for landbruksareala, føresett at terrenginngrepet blir avgrensa til det som er nødvendig.

Vegtilkomst og tilgjenge for tømning

Etter visuell vurdering av kartgrunnlaget er det etablert køyreveg fram til eigedomen. For å oppfylle krava i forskrift om tømning og tilsyn av mindre avløpsanlegg i Valdres skal det vere køyrbar veg fram til anlegget, avstanden frå oppstillingsplass for tankbil skal ikkje overstige 15 meter og høgdeforskjellen skal ikkje overstige 5 meter. Tiltakshavar har ansvar for at desse krava er oppfylte ved ferdigmelding.

Naturmangfald (nml. §§ 8–12)

Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 som tilstrekkeleg. Gjennom DOK-analysen og innsend dokumentasjon ligg det føre eit oppdatert og tilstrekkeleg grunnlag for vurderinga.

Det er ikkje registrert naturtypar, prioriterte artar eller andre naturverdiar med særleg verneverdi innanfor tiltaksområdet. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 tilseier derfor ikkje at tiltaket skal avslåast. Det er heller ikkje dokumentert forhold som tilseier at tiltaket vil medføre uakseptabel samla belastning på økosystemet, jf. naturmangfaldlova § 10.

Vassmiljø og kulturminne

Avløpet skal reinsast i kjemisk/biologisk minirensanlegg, førast gjennom UV-anlegg og etterpolarast i stadeigne massar. Etterpoleringsflata er dimensjonert til 10 m² for ei vassmengd på 1000 liter per døgn.

NGU sitt lausmassekart viser usamanhengande eller tynt morenedekke over berggrunnen og generelt låg infiltrasjonsevne. Samtidig ligg det føre stadleg infiltrasjonstest frå den planlagde filterplassen på gnr. 35 bnr. 8, med målt infiltrasjonshastigheit på 9,3 meter per døgn. Kommunen legg størst vekt på den stadlege undersøkinga, då denne gir eit meir presist grunnlag for vurderinga av den konkrete anleggsplasseringa enn regionale lausmassedata.

Eigarane av gnr. 32 bnr. 18 har opplyst at dei har ein drikkevassbrønn om lag 65 meter nedanfor den opphavleg planlagde infiltrasjonsgrøfta. På grunn av brønnen, bratt terreng og tynt lausmassedekke motsette dei seg den opphavlege plasseringa. Etter nabomerknaden vart etterpoleringsgrøfta flytta til gnr. 35 bnr. 8, og det vart lagt inn minirensesanlegg og UV-desinfeksjon før infiltrasjon.

Eigarane av gnr. 32 bnr. 18 har seinare signert erklæring om rett til avløpsledning over eigedomen, med kart som viser traseen. Kommunen legg til grunn at dette inneber aksept av den reviderte ledningstraseen. Erklæringa er likevel ikkje eit samtykke til forureining eller fråfall av omsynet til drikkevassbrønnen. Det er derfor sett særlege vilkår om tett ledning, UV-desinfeksjon og prøvetaking av brønnvatnet.

DOK-analysen viser ikkje registrerte vassførekomstar eller automatisk freda kulturminne innanfor sjølve tiltaksområdet. Området inngår i verneplan for vassdrag, og utsleppet er derfor vurdert særskilt opp mot omsynet til vassmiljøet.

Etter ei samla vurdering meiner kommunen at det omsøkte avløpsanlegget vil gi tilfredsstillande rensing, og at utsleppet ikkje vil medføre uakseptabel risiko for drikkevassbrønnen eller forringing av vassmiljøet. Føresetnaden er at anlegget blir etablert og drive i samsvar med godkjend søknad, prosjektering og vilkåra i løyvet. Tiltaket er elles vurdert å ikkje vere i strid med friluftsliv eller andre allmenne interesser.

Gebyr

Søknaden gjeld eigedom i LNFR-område. Gebyr for handsaming av søknad om utsleppsløyve er derfor kr 6500,- i samsvar med Etnedal kommune sitt gjeldande gebyrregulativ.

Høve til å klage

Vedtaket er fatta i medhald av delegasjonsreglementet og kan i medhald av forvaltningslova §§ 28–36 klagast på. Klagefristen er tre veker frå den dagen vedtaket er gjort kjent for dykk. Klaga skal sendast skriftleg til Etnedal kommune. Dersom kommunen ikkje tek klaga til følge, blir saka sendt til klageinstansen for endeleg avgjerd. Du har rett til å gjere deg kjend med sakas dokument etter forvaltningslova §§ 18 og 19.

Med helsing

Kari-Elin Solberg Saglien
Rådgiver

Etter våre rutiner er dette dokumentet godkjent og sendt uten underskrift.